



# DEN NORSKE KYRKJA

Kviteseid sokn

## Konfirmant 2027

Ei tid for felleskap og til å tenkje sjølv.

Kjære \_\_\_\_\_

**Me ynskjer å invitere deg til å være konfirmant i Kviteseid sokn, og feire konfirmasjonsdagen i kyrkja di våren 2027!**

### **Kvifor vere konfirmant i kyrkja?**

I konfirmasjonstida er det rom for å utforske mange viktige sider av livet saman med andre. Som konfirmant får du lære meir om deg sjølv og andre, om tru, om Gud og den verden du er ein del av. Me ynskjer å snakke sant om både det som gjer livet fint å leve, men også om det som kan gjere livet litt utfordrande til tider. I konfirmasjonstida er det stort rom for å undre seg og stille spørsmål om livet, kristen tru og andre tema de er opptatt av - ingen spørsmål er feil. Det er gjennom å stille spørsmål at me kan utvikle oss.

Du får oppleve fellesskap med andre på faste samlingar og på leir, og du blir kjent med fleire konfirmantar i Øvre -Telemark prosti. Du får

engasjere deg for andre menneske gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Du får tid til å reflektere over store spørsmål, og bli kjent med kva du trur på – og kva som er viktig for deg. Du får din eigen Bibel, og blir nærare kjent med den. Du vil møte folk med ulike meiningar, og saman med dei lære du kanskje noko nytt om Gud, deg sjølv eller den andre.

Du får også moglegheita til å bli godt kjent med «influenseren» som trendforskarar i Sverige (2025) såg at dagens ungdom er meir og meir opptatt av.....

Veit du kven det er??

Sjølve konfirmasjonsdagen er berre din, og du har ein eigen dag der du blir bekrefte for den du er. På konfirmasjonsdagen får dei som er glad i deg feire deg.



*Ingen er upåverka av god ord, varme blick og kjærleik frå dei folka som står oss nærast. Foto: Den norske kirke/Helene Moe Slinning*

Ordet konfirmasjon kan bety både «å bekrefte» og «å gjere sterk». Me ynskjer å vere med på å både bekrefte deg, og gjere deg sterk gjennom å blant anna minne deg ofte på at du er ønska og elska av Gud.

Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudsteneste er når du kjem fram og vert bedt for i kyrkja. I bønna ber vi Gud om å velsigne deg og styrke deg på vegen vidare i livet. Konfirmasjonen er ei stadfesting og ei påminning av den nåden Gud har gjeve oss gjennom dåpen.

## Korleis ser opplegget ut for konfirmasjonstida i Kviteseid sokn?

Det er faste samlingar i Kyrkjestøga i Kviteseid der du får servert varmmat ein fast dag etter skuletid ca. ein gong i månaden frå sep./okt.. Deretter vert det litt undervisning, leik og fellesskap. Me får blant anna besøk får eit gravferdsbyrå når me skal snakke om døden. Du deltek på nokon gudstenester gjennom året som ministrantar og blir kjent med truspraksis i kyrkja.



Foto: Den norske kirke

Vedlagt dette brevet ligg det ein brosjyre frå organisasjonen; **Ønsket og Elsket** som viser felles arrangement som du kan delta på saman med fleire hundre andre konfirmantar i Øvre-Telemark prosti. Du kan blant anna velje mellom tre ulike alternativ for konfirmantleir.

## Kven kan bli konfirmert?

Alle kan bli konfirmant i kyrkja! Velkommen uansett om du trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje tenker på sånt frå før eller er nysgjerrig. Det einaste kravet er at du er døypt innan konfirmasjonsdagen. Om du ikkje er døyp frå før, er det ikkje noko problem. Mange blir døypt i løpet av tida som konfirmant. Er du døypt i eit anna land eller i eit anna kyrkjesamfunn, skriv dette som merknad i påmeldinga.

Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap, og me ynskjer at alle skal få ei god konfirmasjonstid. Om det er behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt.

Dette brevet vert sendt ut til dei som alt er døypt eller alt står i vårt adresseregister. Veit du om nokon som ikkje har fått mottatt brev, men som du trur kan vere interessert, så spreid invitasjonen!

Nokon av dei vaksne du kjem til å møte på konfirmasjonssamlingane og i kyrkja er:

Kyrkjelydspedagog Katarina Ramona Aasgaard  
Sokneprest Sigrun Lønning Solvang  
Organist Olav Holm  
Prostidiakon Eilev Erikstein

**Katarina**



**Sigrun**



**Olav**



**Eilev**



I tillegg vil du møte kyrkjetenarane; Jan Gunnar, Håkon og Bjørn Stian, frivillige pensjonistar som stiller opp og lager varmmat for oss, og andre som er innom på samlingane knytt opp til tema.

Påmelding på kyrkja.no/kviteseid innan 13.sep. 2026.

Om du eller foreldre/føresette har spørsmål, så kan de kontakte sokneprest Sigrun Lønning Solvang på tlf./sms på 92418778 eller e-post: [prest@kyrkjetrappa.no](mailto:prest@kyrkjetrappa.no)

**Velkomen som konfirmant i Kviteseid sokn 2026/2027.  
Me gleder oss til å bli kjent med deg!!**